

Fylkesårsmøte, 6. mars 2020

Hordaland Nei til EU

Fråsegn om Storbritannia ute av EU.

Den 31. januar var det definitivt; Storbritannia gjekk ut av EU, folkeviljen frå folkeavstemminga i juni 2016 vart respektert. Det er ein stor siger for demokratiet.

For landet vårt er Storbritannia både det landet me eksporterer mest til av varer og tenester, og eit av dei landa me importerer mest frå.

EØS-avtalen regulerte fram til 31.januar handelen med Storbritannia. Avtalen sikra som hovudregel fri flyt av varer og tenester. Avtalen innebar at handelen med varer med nokre få unntak, som eksport av laks, var fritaken for toll. EØS-avtalen sikra og at blant anna fisk kunne eksporterast frå Noreg til Storbritannia utan nokon form for veterinær-kontroll på grensa, og at norske skip har fridom til å frakta gods og passasjerar til og frå Storbritannia.

Regjeringa signerte same veka som britane gjekk ut av EU ein overgangsavtale som gjer at handelen vil halda fram som då EØS-avtalen var gjeldande fram til utgangen av 2020.

I løpet av 2020 skal det forhandlast om ein frihandelsavtale, der blant anna vilkår for fiskeeksporten til Storbritannia vert eit tema.

Hordaland Nei til EU vil oppmoda om at desse forhandlingane i all hovudsak finn stad mellom Noreg og Storbritannia utan innblanding frå EU. Det er viktig at ein frihandelsavtale kjem på plass, og at den vert ein sjølvstendig avtale mellom dei to landa. Regjeringa viser alt for stor vilje til å retta seg etter EU i mange saker. No må regjeringa syna at me står på eigne bein når det gjeld handel med land utanfor EU.

Hordaland Nei til EU

Toril Mongstad